

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 30.05.2007 **Tid:** 15.00 – 18.15

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Marion Langhelle Pedersen  
Sture Tveit  
Idar Reistad

**I staden møtte:**

Sigmund Dyrhovden  
Kjell Roar Nordvik

Nestleiar Olaug Karin Øystese leia møte i leiaren sitt fråvær.

Før møtet vart sett hadde utvalet møte med representantar frå juridisk avdeling og miljøavdelinga hjå fylkesmannen for å drøfte fylkesmannen sitt brev om ny handsaming av delingssak på Sævell.

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ordførar Marit A Aase, leiar av teknisk eining Jan Bjarne Sverresvold, avd. ing. Knut Steinsland og adm.sjef Tone Ramsli

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 1. juni 2007

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Olaug Øystese har sendt inn merknad til protokollen i høve til røysting i sak 29. Protokollen er retta opp i samsvar med denne merknaden.

Protokollen vart samrøystes godkjend.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Adm.sjef orienterte om

Møte adm.sjefen og kulturkonsulenten hadde med Velforeninga på Lønnebakken om ballbinge 29.05.2007. Med på møtet var også representantar for eigarar av nabotomter til det avsette arealet til sport/leik. Intensjonen med møtet var å få gitt informasjon om støymålingar, avstand frå ballbinge til naboeigedomar og moglege plasseringar av bingen på tomta.

Velforeninga vil koma med tilbakemelding til kommunen om dei ønskjer å oppretthalda søknad om å byggja ballbinge på areal avsett til sport/leik i bustadfeltet på Lønnebakken.

Nytilsett konsulent ved teknisk eining med ansvar for delingssaker og for utarbeiding av strandsoneplan byrjar i stillinga 31.05.2007.

I komande veke vert det gjennomført intervju for ledig stilling som leiar av teknisk eining.

Det vart orientert om innkome tilbod om kjøp av bustadtomt i Hagamulen. Utvalet meiter summen må vesentleg opp, og at kommunen ikkje skal ta på seg pliktar i høve til opprydding på tomta. Dersom dette ikkje er mogleg, vil tomta ikkje verta seld.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0031/07	06/00293 <b>NY HANDSAMING AV SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR 3 HYTTETOMTAR FRÅ GNR.47 BNR.3 SÆVILD</b>
0032/07	07/00125 <b>SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL ANNEKS PÅ GNR.4 BNR.25 OG 83 TRENGEREIDFJORD.</b>
0033/07	06/00206 <b>DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN OG SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR MIKROKRAFTVERK I KLEIVANE</b>
0034/07	07/00009 <b>BYGGJESAK GARASJE GNR 18, BNR 163, BJØRKHEIM. SØKNAD OM 10 M BREI GARASJE, MED DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN</b>
0035/07	07/00106 <b>SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR BUSTADHUS PÅ GNR.15 BNR.9 KVERNES SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN</b>
0036/07	07/00151 <b>SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.34 BNR.185 SVENSDAL SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS KRAV OM REGULERINGING</b>
0037/07	06/00437 <b>SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM- GNR/BNR 45/1</b>
0038/07	07/00130 <b>SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR TILLEGSSPARSELL TIL GNR.18 BNR.64 FRÅ GNR.18 BNR.2 REISTAD</b>
0039/07	07/00141 <b>SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR HYTTETOMT FRÅ GNR 35, BNR 5 OG 8. I STORLIA</b>

- 0040/07                    07/00156  
**SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR TILLEGGSPARSELL  
FRÅ GNR.27 BNR.33 TIL GNR.27 BNR.25 INDRE-TYSSE.**
- 0041/07                    06/00542  
**SØKNAD OM AVKJØRING FRÅ KOMMUNAL VEG.  
DISPANSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN FOR  
BUSTADOMRÅDE, ROLVSVÅG**
- 0042/07                    07/00029  
**KOMMUNALE VEGAR - DRØFTING AV KRITERIA**
- 0043/07                    06/00540  
**VASSFORSYNING TOTLAND.**
- 0044/07                    07/00122  
**HUNDAR OG HUNDEHALD, FORSKRIFT OM BANDTVANG**
- 0045/07                    06/00504  
**SMÅKRAFTVERK I HOPSVASSDRAGET.**

0031/07

**NY HANDSAMING AV SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR 3 HYTTETOMTAR  
FRÅ GNR.47 BNR.3 SÆVILD**

**Framlegg til vedtak::**

Ut frå ei konkret vurdering i området der omsøkte tomtar ligg, finn ein at natur- og friluftsiinteressene ikkje vert råka av omsøkte frådelling. Ein kan heller ikkje sjå at dispensasjon vil ha innverknad på handheving av kommuneplanen.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 7 og 63 vert det gjeve dispensasjon frå stadfest kommuneplan for deling av 3 fritidseigedomar frå gnr.47 bnr.3 Sævild.

Løyvet er gejeve i samsvar med søknad dgs.13.06.06.

Før det vert gjeve byggjeløyve på tomtane, skal det vera dokumentert godkjent avkjøring frå riksveg 48 til parkeringsplass for min.2 bilar pr. fritidseigedom.

**Handsaming i møte:**

5 røysta for framlegg til vedtak og 1 mot.

**Vedtak:**

Ut frå ei konkret vurdering i området der omsøkte tomtar ligg, finn ein at natur- og friluftsiinteressene ikkje vert råka av omsøkte frådelling. Ein kan heller ikkje sjå at dispensasjon vil ha innverknad på handheving av kommuneplanen.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 7 og 63 vert det gjeve dispensasjon frå stadfest kommuneplan for deling av 3 fritidseigedomar frå gnr.47 bnr.3 Sævild.

Løyvet er gejeve i samsvar med søknad dgs.13.06.06.

Før det vert gjeve byggjeløyve på tomtane, skal det vera dokumentert godkjent avkjøring frå riksveg 48 til parkeringsplass for min.2 bilar pr. fritidseigedom.

0032/07

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL ANNEKS  
PÅ GNR.4 BNR.25 OG 83 TRENGEREIDFJORD.**

**Handsaming i møte:**

**Olaug Øystese** sette fram slikt framlegg:

*Naust:*

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for utviding og heving av naust på gnr.4 bnr.25 og 83. Løyvet er gjeve i samvar med tegning motteke 14.05.07.

Naustet og mur under naustet skal ikkje plasserast lenger ut i sjøen enn noverande naust/mur.

*Tilbygg til anneks:*

Ein kan ikkje sjå at det er grunnlag for å ta omsyn til innkomne merknader frå 2 naboar, og med heimel i plan og bygningslova §§ 7 og 17-2 vert det gjeve dispensasjon frå forbud mot bygging i 100 m beltet langs sjø, for bygging av tilbygg til anneks.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til anneks på gnr.4 bnr.25 og 83. Løyvet er gjeve i samsvar med tegning motteke 14.05.07.

Utslepp av vaskevatt skal førast via 2 kamra 1 m<sup>3</sup> slamavskiljar i lukka leidning på djup sjø. Det er ikkje søkt om og ikkje gjeve løyve til å innstalera vassklosett.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Øyvind Røen** sette fram slikt framlegg:

*Naust:*

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for utviding og heving av naust på gnr.4 bnr.25 og 83. Løyvet er gjeve i samsvar med tegning motteke 14.05.07.

Naustet og mur under naustet skal ikkje plasserast lenger ut i sjøen enn noverande naust/mur.

*Tilbygg til anneks:*

Ein kan ikkje sjå at tiltaket stettar rimelege omsyn til utsjånad i høve til seg sjølv og omgjevnaden. Det vert og peikt på saksutgreiing for sak 54/05, vedr. oppgradering med tilbygg til hytte.

Med heimel i plan og bygningslova § 74 vert det ikkje gjeve byggjeløyve for tilbygg til anneks på gnr.4 bnr.25 og 83.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Olaug Øystese** sette fram framlegg om å utsetja saka.

4 røysta for å utsetja saka og 2 mot.

**Vedtak:**

Saka vert utsett.

0033/07

## **DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN OG SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR MIKROKRAFTVERK I KLEIVANE**

**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for bygging av mikrokraftverk i Tverrelva.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for mikrokraftverk i Kleivane ved Tverrelva.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.20.03.07 og utgreiing i samband med vurdering av konsesjonsplikt.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

**Handsaming i møte:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for bygging av mikrokraftverk i Tverrelva.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for mikrokraftverk i Kleivane ved Tverrelva.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.20.03.07 og utgreiing i samband med vurdering av konsesjonsplikt.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

0034/07

**BYGGJESAK GARASJE GNR 18, BNR 163, BJØRKHEIM.  
SØKNAD OM 10 M BREI GARASJE, MED DISPENSASJON FRÅ  
REGULERINGSPLAN**

**Framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå stadfest regulringsplan på Bjørkheim for bygging av garasje på gnr.18 bnr.163 i samsvar med søknad dgs.30.04.07.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for garasje på gnr.18 bnr.163.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.30.04.07.

Garasjen må sikrast med naudsynt rekkverk.

Det må sikrast at avløp frå "annekset" vert oppretthalde og ikkje skada.

Endeleg fastlegging av avkjøring til plassen framom garasjen skal gjerast når den regulerte vegen vert bygd.

Vedr.opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå stadfest regulringsplan på Bjørkheim for bygging av garasje på gnr.18 bnr.163 i samsvar med søknad dgs.30.04.07.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for garasje på gnr.18 bnr.163.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.30.04.07

Garasjen må sikrast med naudsynt rekkverk.

Det må sikrast at avløp frå "annekset" vert oppretthalde og ikkje skada.

Endeleg fastlegging av avkjøring til plassen framom garasjen skal gjerast når den regulerte vegen vert bygd.

Vedr.opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0035/07

### **SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR BUSTADHUS PÅ GNR.15 BNR.9 KVERNES SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN**

#### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå stadfest kommuneplan for bygging av bustadhus på gnr.15 bnr.9.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for bustadhus og garasje på gnr.15 bnr.9 Kvernes.

Trase for veg til bustadhuset skal godkjennast av eigar av bnr.1 før bygging.

Før bygging startar skal det vera levert kontrollerklæring for prosjekteringa.

Manglande ansvarsrettar skal vera innsendt og godkjent før bygging startar.

Avløp frå bustadhuset skal førast via 3 kamra 4m3 slamavskiljar til infiltrasjonsgrøft på bnr.1 sør-øst for bnr.9. Plassering av grøfta skal godkjennast av teknisk eining. Likeeins skal grøfta godkjennast før ho vert attgraven. Alternativt skal avløpet førast i lukka leidning på djup sjø. Ein føreset at rørleggar vert ansvarleg utførande av avløpsanlegget.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå stadfest kommuneplan for bygging av bustadhus på gnr.15 bnr.9.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for bustadhus og garasje på gnr.15 bnr.9 Kvernes.

Trase for veg til bustadhuset skal godkjennast av eigar av bnr.1 før bygging.

Før bygging startar skal det vera levert kontrollerklæring for prosjekteringa.

Manglande ansvarsrettar skal vera innsendt og godkjent før bygging startar.



Avløp frå bustadhuset skal førast via 3 kamra 4m<sup>3</sup> slamavskiljar til infiltrasjonsgrøft på bnr. 1 sør-øst for bnr.9. Plassering av grøfta skal godkjennast av teknisk eining. Likeeins skal grøfta godkjennast før ho vert attgraven. Alternativt skal avløpet førast i lukka leidning på djup sjø. Ein føreset at rørleggjar vert ansvarleg utførande av avløpsanlegget.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0036/07

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.34 BNR.185 SVENSDAL  
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS KRAV OM  
REGULERING**

**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå krav i kommuneplan om regulering for bygging av hytte på gnr.34 bnr.185 Svensdal.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for hytte på gnr.34 bnr.185 i Svensdal.

Med unnatak av avløp er løyvet gjeve i samsvar med søknad. dgs.28.03.07.

Foretak Bjørn Sævild vert gjeve lokal godkjenning. Bjørn Sævild vert godkjent som ansvarleg prosjekterande og utførande med kontroll.

Med heimel i plan og bygningslova § 74 vert det kravd at det skal vera heil grunnmur under hytta og at hytta utvendig skal malast i ein jordfarge.

Med heimel i forskrift om utslepp fra separate avløpsanlegg §§ 6 og 8 og vedtak i naturutvalsak 22/04 vert det ikkje gjeve løyve til å innstallera vassklosett. Det skal nyttast biologisk verkande toalett.

Det vert gjeve løyve til å leggja inn vatn i hytta. Utslepp av vaskevatt skal førast via 2 kamra 1m<sup>3</sup> slamavskiljar til infiltrasjonsgrøft.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, plan og bygningslova § 15 og forskrift om utslepp fra separate avløpsanlegg § 14.. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå krav i kommuneplan om regulering for bygging av hytte på gnr.34 bnr.185 Svensdal.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for hytte på gnr.34 bnr.185 i Svensdal.

Med unnatak av avløp er løyvet gjeve i samsvar med søknad. dgs.28.03.07.

Foretak Bjørn Sævild vert gjeve lokal godkjenning. Bjørn Sævild vert godkjent som ansvarleg prosjekterande og utførande med kontroll.

Med heimel i plan og bygningslova § 74 vert det kravd at det skal vera heil grunnmur under hytta og at hytta utvendig skal malast i ein jordfarge.

Med heimel i forskrift om utslepp fra separate avløpsanlegg §§ 6 og 8 og vedtak i naturutvalsak 22/04 vert det ikkje gjeve løyve til å innstalera vassklosett. Det skal nyttast biologisk verkande toalett.

Det vert gjeve løyve til å leggja inn vatn i hytta. Utslepp av vaskevatn skal førast via 2 kamra 1m<sup>3</sup> slamavskiljar til infiltrasjonsgrøft.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, plan og bygningslova § 15 og forskrift om utslepp fra separate avløpsanlegg § 14.. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0037/07

### **SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM- GNR/BNR 45/1**

#### **Framlegg til vedtak::**

Etter vurdering av klage frå Gunn-Björg Høybø dagsett til 04.03.07 finn ein ikkje at det ligg føre nye moment. Tidlegare vedtak vert oppretthalde.

Det vert etter plan- og bygningslova, § 7, ikkje gjeve dispensasjon til å dela eit areal på om lag 850 m<sup>2</sup> i frå gnr./bnr 45/1. Det vert ikkje funne særlege grunnar for å gje dispensasjon i denne saka.

Det vert etter jordlova, § 12, ikkje gjeve løyve til å dela eit areal på om lag 850 m<sup>2</sup> i frå gnr./bnr 45/1. Det vert ikkje gjeve løyve til å dela i frå eit jordbruksareal med føremål fritidsbruk.

#### **Handsaming i møte:**

**Olaug Øystese** sette fram slikt framlegg:

Klagen frå Gunn-Björg Høybø vert teken til følgje.

Det vert gjeve dispensasjon til å dela frå eit areal på ca 850 m<sup>2</sup> i frå gnr./bnr. 45/1.

1 røysta for framlegget frå Øystese og 5 for administrasjonen sitt framlegg til vedtak.

Klagen vert sendt vidare til fylkesmannen til avgjerd.

#### **Vedtak:**

Etter vurdering av klage frå Gunn-Björg Høybø dagsett til 04.03.07 finn ein ikkje at det ligg føre nye moment. Tidlegare vedtak vert oppretthalde.

Det vert etter plan- og bygningslova, § 7, ikkje gjeve dispensasjon til å dela eit areal på om lag 850 m i frå gnr/bnr 45/1. Det vert ikkje funne særlege grunnar for å gje dispensasjon i denne saka.

Det vert etter jordlova, § 12, ikkje gjeve løyve til å dela eit areal på om lag 850 m<sup>2</sup> i frå gnr/bnr 45/1. Det vert ikkje gjeve løyve til å dela i frå eit jordbruksareal med føremål fritidsbruk.

0038/07

### **SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR TILLEGSSPARSELL TIL GNR.18 BNR.64 FRÅ GNR.18 BNR.2 REISTAD**

#### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for ein tilleggsparsell frå gnr.18 bnr.2 til gnr.18 bnr.64 Reistad.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela frå ein teig på 346 m<sup>2</sup> frå gnr.18 bnr.2. Parsellen ligg i eit område som er avsett til bustad i arealdelen til kommuneplanen.

Løyva er gjeve i samsvar med søknad dgs.15.03.2007.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for ein tilleggsparsell frå gnr.18 bnr.2 til gnr.18 bnr.64 Reistad.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela frå ein teig på 346 m<sup>2</sup> frå gnr.18 bnr.2. Parsellen ligg i eit område som er avsett til bustad i arealdelen til kommuneplanen.

Løyva er gjeve i samsvar med søknad dgs.15.03.2007.

0039/07

### **SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR HYTTETOMT FRÅ GNR 35, BNR 5 OG 8. I STORLIA**

#### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for hyttetomt frå gnr.35 bnr.5 og 8 i Storlia.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve delingsløyve for hyttetomt frå gnr.35 bnr.5 og 8.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.19.03.07.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for hyttetomt frå gnr.35 bnr.5 og 8 i Storlia.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve delingsløyve for hyttetomt frå gnr.35 bnr.5 og 8.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.19.03.07.

0040/07

**SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR TILLEGGSPARSELL FRÅ GNR.27 BNR.33 TIL GNR.27 BNR.25 INDRE-TYSSE.****Framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og 93 og jordlova § 12 vert det gjeve delingsløyve for tillegsparsel frå gnr.27 bnr.33 til gnr.27 bnr.25 og 31 Indre-Tysse.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.01.04.07.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og 93 og jordlova § 12 vert det gjeve delingsløyve for tillegsparsel frå gnr.27 bnr.33 til gnr.27 bnr.25 og 31 Indre-Tysse.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.01.04.07.

0041/07

**SØKNAD OM AVKJØRING FRÅ KOMMUNAL VEG. DISPANSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE, ROLVSVÅG****Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå stadfesta reguleringsplan for Rolvsvåg bustadområde. Avkjørsla må byggast i tråd med planen.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå stadfesta reguleringsplan for Rolvsvåg bustadområde. Avkjørsla må byggast i tråd med planen.

0042/07

**KOMMUNALE VEGAR - DRØFTING AV KRITERIA****Handsaming i møte:**

Utvalet bestemte å utsetja handsaming av denne saka.

**Vedtak:**

Saka vert utsett.

0043/07

**VASSFORSYNING TOTLAND.****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune ser at det må finnast betre løysingar på vassforsyninga i Frøylandsdalen. Kommunen har i dag ikkje konkrete planar om off. vassforsyning til området. Eit alternativ for off. vassforsyning vil vera frå hovudvassverket med leidning frå Tysse, eit arbeid som må skje i samband med utbetring av Rv 48. Det kan og tenkjast alternative lokale løysingar. Før det kan avklarast om kommunen kan forsyna området, må det gjerast eit omfattande planarbeid ikkje minst for å få fram kostnadar. Dette vil verta gjort i samband med revisjon av hovudplan for vassforsyninga i kommunen. Oppstart av dette arbeidet er ikkje fastsett.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune ser at det må finnast betre løysingar på vassforsyninga i Frøylandsdalen. Kommunen har i dag ikkje konkrete planar om off. vassforsyning til området. Eit alternativ for off. vassforsyning vil vera frå hovudvassverket med leidning frå Tysse, eit arbeid som må skje i samband med utbetring av Rv 48. Det kan og tenkjast alternative lokale løysingar. Før det kan avklarast om kommunen kan forsyna området, må det eit omfattande planarbeid ikkje minst for å få fram kostnadar. Dette vil verta gjort i samband med revisjon av hovudplan for vassforsyninga i kommunen. Oppstart av dette arbeidet er ikkje fastsett.

0044/07

**HUNDAR OG HUNDEHALD, FORSKRIFT OM BANDTVANG****Handsaming i møte:**

Utvalet slutta seg samrøystes til utkast til forskrift som presentert i saksutgreiinga med endringar om at

§ 1 andre del vert omformulert slik at større delar av dei tettaste buområda vert omfatta av kravet om bandtvang heile året.

§ 2 skal og omfatta idrettsanlegget i Hagabotnane.

### **Vedtak:**

#### **Føresegner om sikring av hundar**

§ 1.: Om bandtvang

Hundar skal haldast i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerdet i tida 1. april til 31. oktober, når bufe normalt er henta heim.

I tettstadane skal hund haldast i band heile året. Omgrepet tettstad femner her om busetnadskonsentrasjonane frå og med Ytre Tysse til og med Ådland.

§ 2.: Hundar skal ikkje ha tilgjenge til barnehageområda, skuleområda og idrettsanlegget i Hagabotnane.

§ 3.: Om reinhald.

Hundehaldar har plikt til straks å fjerne ekskrement som hunden etterlet seg på gater, fortau, park, bru, brygge, kai, strand, anlegg eller annan offentleg stad som ålmenta nyttar.

Denne føresegna gjeld ikkje:

- a) jakthundar under lovleg jakt, jakthundtrening eller ved jaktprøver
- b) gjetarhundar som vert følgd under beiting og innsanking
- c) politi-, lavine- eller ettersøkingshund under opplæring eller i teneste.

0045/07

### **SMÅKRAFTVERK I HOPSVASSDRAGET.**

#### **Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune rår til at Hopselva Kraftverk a.s. får konsesjon i samsvar med søknaden.

Samnanger kommune vil be om at det vert lagt særleg vekt på at plassering og bygging av terskelen vert gjort slik at han vert minst mogleg skjemmande. Bygging og drift av kraftverket må skje slik at tilhøva for storlom ikkje vert forringa, og gyte- og oppvekstområda for auren må sikrast.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune rår til at Hopselva Kraftverk a.s. får konsesjon i samsvar med søknaden.

Samnanger kommune vil be om at det vert lagt særleg vekt på at plassering og bygging av terskelen vert gjort slik at han vert minst mogleg skjemmande. Bygging og drift av

kraftverket må skje slik at tilhøva for storlom ikkje vert forringa, og gyte- og oppvekstområda for auren må sikrast.